

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Vår dato: 03.05.2017
Vår ref.: 201702574-5
Arkiv: 411
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane

Mjåtveitelva – Ber om å få tilsendt vedtak i samband med gravearbeid i Kloppedalselva - Meland kommune

NVE fekk melding over telefon den 28.04.17 om gravearbeid i Kloppedalselva som er ei sideelv til Mjåtveitelva i Meland kommune. Innringar meiner arbeidet er til skade for vassdragsmiljøet i Mjåtveitelva og Kloppedalselva.

Delar av Mjåtveitelva har anadrom elvestrekning. Det er ål i elva og truleg noko elvemusling. Dei to sistnemnde artane er raudlisteartar som krev eit særskilt vern. I Kloppedalselva er det for ei tid attende gjennomført ein del biotoptiltak m.a. etablering av fangdammar og utlegging av gyttegrus. I 2013 gav Fylkesmannen i Hordaland (kr 35.000,-) og Hordaland fylkeskommune (kr 50.000,-) tilskot til fisketiltak i Mjåtveitelva.

I brev av 27.10.15 (ref. 15/2775-15/19127) skriv kommunen at det i den nye kommuneplanen (vedteken 17.06.2015) er lagt ei omsynssone for naturmiljø langs Mjåtveitelva og at dette gjeld heile vassdraget frå og med Dalevatnet og til utløpet i Elvavika. Omsynssona gjeld i ei 30 m brei sone rekna 15 m frå midten og ut til kvar side. Sona gjeld også for Kloppedalselva (om lag 230 m) som renn frå Mjåtveit næringspark og ut i Mjåtveitelva.

NVE har forvaltaransvar knytt til vassressurslova. Vassressurslova § 5 gjeld tiltakshavar sitt forvaltaransvar og plikt til aktsemd i høve ålmenne og private interesser. Med ålmenne interesser meinast t.d. miljø- og fiskeinteresser. Vi syner også til vassressurslova § 8 1.ledd der det heiter at *«Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten»*. **Vi torer derfor be om å få tilsendt vedtak som er gjort i samband med graveløyve og eventuelt grunnlag for vedtaket innan onsdag 10.05.17.**

Med helsing

Brigt Olav Samdal
regionsjef

Siss-May Edvardsen
sjefingeniør

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81

7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18

8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B

6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Mjåtveitlvens Forening v/Kjetil Tufte